



Dagen då dette biletet vart teke, var Børnescontainaren ikkje misbrukt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Hyttecontainaren ved vegen ned til Børnes må ikkje misbrukast av dei som bur fast i Uskedalen, for då kan den til slutt bli fjerna. Det har hendt før i Kvinnherad.

Det er Kjell Egil Hollund i SIM som kjem med denne sterke oppmodinga etter at det har vorte plassert anna avfall der – til dømes jarnskrap, manuell plenklippar og bildekk.

Det inneber ein ekstra ryddejobb for SIM-sjåførane som dei sjølvsagt set svært liten pris på. Sjåfør Odd Rune Ermland har tømt hyttecontainaren i Uskedalen i mange år og seier til uskedalen.no at misbruket var stort i fjor og har halde fram i år.

- Tidlegare sto denne containaren på Sandakaien, men då vart den også misbrukt. Difor vart den flytta til Børnes. No håpar vi at misbruket også der tek slutt, seier Hollund.
Ermland legg til at då containaren sto på Sandakaien var det ofte så mange søppelsekker rundt den at ein knapt kunne sjå sjølve containaren!

Containaren som no står ved Børnesvegen blir tømt to gonger i veka om sommaren. Dette er ei pålagt serviceordning for dei som betalar gebyr for fritidsbustad og gebyret er for tida 850 kroner i året.

- Gebyret er høgt nok og det er heller ikkje alle som nyttar ordninga, seier Hollund.

Han strekar under at hvis dette tilbodet blir borte på ein plass, flytter hyttefolk over til ein annan utplassert containar med bosset sitt. Dermed blir andre påførd kostnader og konsekvensen blir også ei flytting av handelen.

Av Ola Matti Mathisen